



I full gang med planlegging av Kystsogevekene

Kystsogevekene går i år av stabelen frå 12. august til 17. september, med arrangement frå Gulen i nord til Sveio i sør. Her blir det marknad, konsertar, torgdagar, revyar, turar og ymse aktivitetar.

– For dei som går svanger med eit potensielt arrangement, er det no tid for

å starta planlegginga. Ta gjerne kontakt direkte med meg, oppmodar dagleg leiar i Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland, som tok til i stillinga i januar i år.

Han vil elles minna om at leveringsfristen for det som skal med i programheftet i år er 1. mai, medan fristen

for å søkja om arrangementsstønad frå Kystsogevekene er 1. juni.

Kystsogevekene går føre seg i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør. I år er opninga lagt til Strusshamn på Askøy.

– Eg blei nesten mållaus. Det var veldig kjekt å vinna

Dokkehusvinnar Helen Skaten Hystad, som stakk av med premien heile øya ville vinna.



GODT I GANG: Koret sin dirigent, Anders Kvile (t.v) og Morten Refsli spelar saman på piano og valthorn.

Klang i heile kyrkja



VAKKER MELODI: Det var klang i heile kyrkja då koret song.

Laurdag kveld var det mange som hadde teke turen til Onarheim kyrkje for å høyra Odd Fellow koret frå Bergen.

Egil Berge, medlem av koret, opna programmet med å fortelja litt om koret som blei stifta i 1947. I 2010 gjekk koret frå å vera eit mannskor, til å bli ei blanding av mannskor og Rebekka-systrene. Odd Fellow koret frå Bergen har per i dag 30 medlemmar, og er eit kor for songglade amatørar.

Vitja Tysnes

Koret hadde laurdag teke turen over fjorden, då Elna Fulton hadde teke kontakt med kulturkyrkja sidan ho sjølv er frå øya. For to år sidan vitja koret Ugddal kyrkje i ei gudsteneste, og var veldig nøgd med denne konserten. Dei såg fram til å halda konsert denne dagen.

Spanande program

Programmet for kvelden var delt i tre delar. Del ein bestod

av mykje klassisk musikk, og her kunne ein høyra kjente songar som «Fagert er landet», og «Gje meg handa di, ven». I del ein var også solisten Morten Refsli med, og spelte valthorn. Del to bestod av vakker pianomusikk av koret sin dirigent, Anders Kvile. Her fekk me også høyra Morten atter ein gong på valthorn.

Munter musikk var det ein kunne forventa seg av del tre av programmet. Dette såg ut til å stemma – munter melodi,

munnspele og klappetakar frå publikum gav klang i heile kyrkja. Den eine songen publikum fekk høyra var til og med sunnen på tysk.

Redningsskøyte

Odd Fellow koret er oppteken av å hjelpa andre, og inntektene frå kvelden går difor til å byggja redningsskøyta med namn «Odd Fellow III». Trass i at det var koret sjølv som opptradd, hadde mange av medlemmene også kjøpt billett for

å støtta bygginga av skøyta.

– Me er nøgde med konserten i kveld. Og sjølv om kyrkja ikkje var full, var publikum lydhøyre og såg ut til å kosa seg, sa Egil Berge.

IDA HEGGLAND
redaksjonen@tysnesbladet.no



FEKK ORDFØRARBESØK: Fredag kunne utflytta tysnesing Nora Skorpen feira 100-års dag, på Stord. Her er ordføraren i Stord, Harry Herstad, på besøk for å helsa på jubilaranten. (Foto: Marius Knutsen/Sunnhordland)

Nora Skorpen feira 100 års-dag med ordførarbesøk og kongehelsing

Ho fekk personleg brev frå sjølvaste Kong Harald. Fredag kunne utflytta tysnesing Nora Skorpen feira 100 års-dag i lag med næraste familie.

Til vanleg bur Nora Skorpen på Knutsåsen omsorgssenter på Stord. Fredag var det Nora som var heidersgjest i daglegstova på omsorgssenteret, som naturleg nok var pynta til fest når ein av dei buande på heimen har nådd ein så høg alder som 100 år.

– Me var 47 til saman rundt festbordet, fortel Magny Lien, eldstedottera til Nora, som

også bur på Stord.

Sonen Egil til Nora og Hans har teke over heimegarden etter foreldra på Skorpo, medan dottera Valborg Skorpen Fylkesnes bur på Stord.

Saman med dei tre borna, ektefellene deira, barneborn og seks oldebarn, i tillegg til nokre tanteborn med ektefeller, var det ein stor familie som var samla rundt festbordet for å hylla Nora på den store dagen.

Ordførar i Stord, Harry Herstad, kom også på besøk for feira jubilaranten. Og naturlegvis fekk helsingbrevet frå Kong Harald stor merksemd.

Nora Skorpen var fødd på

Huglo. Ho gifta seg med Hans Skorpen i 1943 og dei tok over drifta av slektsgarden hans på Skorpo året etter og dreiv garden fram til 1974.

OLE SKATEN
ole@tysnesbladet.no

*Tysnes og
Sunnhordland
Gravferdsbyrå*
Vakttelefon: 53 43 40 30